

5-4 mot dispensasjon i Skorpo-sak

25.06.2009

Klagesaka frå Skorpo om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen eller frå plan- og bygningsloven om forbod mot byggjing i strandsona var oppe att i forvaltningskomiteen sitt siste møte. Med knappast mogeleg fleirtal - 5 mot 4 - vart klaga avvist og vedtaket frå mai oppretthalde.

Dermed kan det ikkje gjevast løyve til frådelling av tilleggsareal som omsøkt. Vedtaket var i tråd med innstillinga frå rådmannen.

Klagar Svein Skorpen hevda at vedtaket om avslag var feil mellom anna fordi 70 prosent av det aktuelle arealet ligg innanfor funksjonell strandlinje. Men administrasjonen hevda at 50 var den riktige prosenten.

Skorpen hevda og at ønska areal ligg utanfor stranda og ikkje går heilt ned til denne, men her svara administrasjonen at sjølv om arealet ligg ovafor sjøve stranda vil frådelling likevel privatisera deler av ho og leggje beslag på denne.

Administrasjonen vurderer funksjonell strandsona som eit landområde som står i innbyrdes samspel med sjøen og det er ønskjeleg å kunne ta særlege omsyn til natur og kulturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser i denne sona, heitte det i saksutgreiinga.

Av Ola Matti Mathisen